



Protokoll

Programstyret for Femårig integrert masterprogram i musikkterapi

Til stades:

Medlemar:

Simon Gilbertson, programstyreleiar
Lars Tuastad, programstyre nestleiar
Claire Ghetti, programkoordinator
Viggo Kruger, praksiskoordinator
Maria Toppe: ekstern fagrepresentant
Christine Wilhelmsen: ekstern fagrepresentant

Studentrepresentantar:

Gry Svanhild Kvisterud Hole
Eirik Sæle

Sekretær:

Hild C. Vang, studiekonsulent

Tid: Torsdag 13.01 2022, kl. 13:00-15:00

Møte: 1/2022

Stad: Microsoft Teams

Arkivnr: 2022/419 (ePhorte)

III Sakar:

MUTP 1/22 Undervising og covid-situasjonen våren 2022

Programstyret diskuterer korleis handtere spørsmål knytt til obligatorisk frammøte og forventa fråvær grunna covid.

Vedtak:

Programstyret ynskjer ikkje endringar i fråværsreglementet for våren 2022, og viser til handlingsrommet i UiB sin mellombelse forskrift knytt til koronahandteringa, som forpliktar oss til å leggje til rette for at studentane får gjennomført utdanninga si utan forseinking grunna

korona, m.a. gjennom "alternative eller supplerende obligatoriske aktiviteter"
(<https://lovdata.no/forskrift/2020-03-11-317/§3>)

MUTP 2/22 Revisjon av yrkesetiske retningslinjer for musikkterapeutar

Programstyret gjennomgår og diskuterer dokumentet. Innspela vert samla og sendt vidare frå programstyret.

MUTP 3/22 Nytt programstyremeldem

Programstyreleiar informerer om at prosessen med å finne ein erstattar i programstyret for Claire Ghetti, som har forskingsfri, er i gang.

IV Referat og orienteringssaker

- a. Meldingar frå institutt – [IRGA 9.12.21](#)
- b. Meldingar frå Studieutvalget KMD
- c. Meldingar frå fakultetet – [Fakultetsstyremøte 16.12.21](#)
- d. Meldingar frå MUTP-fagutvalg og FUGA
- e. Anna:

V Eventuelt

Bergen, 17. februar 2022

Simon Gilbertson
Programstyreleder

Hild C. Vang
Sekretær



UNIVERSITETET I BERGEN

Fakultet for kunst, musikk og design

Saksvedlegg

PROGRAMSTYRET FOR FEMÅRIG INTEGRERT MASTERGRAD I MUSIKKTERAPI

Sak nr.: 1/22

ePhorte saksnummer: 2022/419

Sakstype: Vedtak

Møte: 1/22 – 13.01.2022

MUTP 1/22 Undervising og covid-situasjonen våren 2022

Bakgrunn

Dei gjeldande nasjonale tiltaka mot covid-19 har konsekvensar for planlegginga og gjennomføringa av undervising i høgare utdanning [[Pressemelding frå regjeringa 13.12.21](#)]. Tiltaka gjeld til 14.01. Helseministeren har denne veka kome med uttalingar om at tiltaka vert justerte, men signala er tydelege på at det ikkje er aktuelt med store lettingar.

Til saka

Meldinga frå UiB- og fakultetsleiinga er at ein ynskjer å ha campus open for studentar, og at det er mogleg å gjennomføre fysisk undervising i mindre grupper der ein kan oppretthalde smittevernreglane. Samstundes er hovudvekta digital undervising dei fyrste vekene [[UiB.no: Semesteret starter med åpen campus | Koronavirus – informasjon for studenter og ansatte | UiB](#)].

Usikkerheit knytt til om undervisinga er digital eller fysisk, og moglegheita for ein situasjon der mange studentar vil verte fråværande pga sjukdom i semesteret som kjem gjev grunnlag for ei diskusjon kring kravet om obligatorisk frammøte til undervising. Førre semester var dette ei usikkerheit for både studentar og tilsette, og det er ynskjeleg med ein tydelegare kommunikasjon dette semesteret. Dette er krevande, då det er vanskeleg å spå om utviklinga framover – og endringar i nasjonale tiltaka/pålegg.

I ljøs av dette bør det diskuterast:

1. Skal det takast ei avgjerd om dette no, eller skal ein vente til ein ser justeringane i dei nasjonale tiltaka 14.01.22?
2. Er det ynskjeleg med eit mellombels fritak frå obligatorisk frammøte våren 2022, eller skal ein halde fram med linja frå hausten 2021 – med obligatorisk frammøte og tilrettelegging ved fråvær knytt til covid-19?
3. Korleis kan fagmiljø og administrasjon sikre ei tydeleg linje og god informasjon til studentane?

Eit eventuelt fritak frå kravet om obligatorisk frammøte kan gjerast med forankring i [den mellombels forskriften](#) som vart vedteke i mars 2020, og er gjeldande til februar 2022, i ljøs av covid-19-pandemien. Dette må då fremjast for instiuttleiar per emne.

Til info – om handteringa av dette spørsmålet hausten 2022:

[Teams] [27.09.2021 12:00] Hild Cecilie Lyngstad Vang
Fråvær - gjeldande reglar

Hei alle emneansvarlege og faglærarar - Musikkterapi

Det har vore nokre spørsmål kring gjeldande fråværsreglement med tanke på tidlegare fritak grunna koronasituasjonen. Her kjem eit forsøk på tydeleggjering av dette.

Frå haustsemesteret er det ikkje gjort vedtak om fritak frå kravet om obligatorisk oppmøte til undervisinga. Dvs. at kravet om minimum 80% deltaking er gjeldande der dette er presisert i emneplanen. Samstundes er det rom for skjønnsvurdering av fråvær, og tildeling av kompensasjonsoppgåver el.l.

Ved fråvær som nærar seg grensa skal studentane ha varsel via epost - hugs å setje studiekonsulent i kopi. Sjå elles dokumentet "Rutiner for stort fravær [...]", med mal for epostutsending til studentane.

Litt bakgrunnsinformasjon:

- Tidlegare fritak har vore gjort per semester på bakgrunn av programstyrevedtak og godkjenning av instiuttleiar. Heimelen for å gjere ei slik endring emneplanane er den [mellombelse forskrifta som UiB vedtok mars 2020](#), for å sikre at studentar får fullført studia sin. Denne forskrifta gjeld til februar 2022.
- Den mellombelse forskrifta pålegg oss å leggje til rette for at studentar vert forhindra frå gjennomføre og få godkjent obligatoriske aktivitetar på grunn av "sykdom eller pålagt karantene" eller "andre forhold relatert til koronavirus utenfor studentens eller UiBs kontroll" får høve til å gjennomføre emnet. Tilrettelegging/tilpassing her kan tds. gjerast gjennom streaming, opptak, kompensasjonsoppgåver o.a. Det er såleis eit stort rom for å vise skjønn i spørsmålet kring fråvær.
- Programstyret diskuterte saka på møtet 17. september, og vedtok å ikkje be om fjerning av oppmøtekravet for hausten 2021, og heller bruke handlingsrommet for skjønn slik det kjem

fram av den mellombelse forskrifta. Programstyrevedtak: *Programstyret ynskjer å behalde gjeldande fråværsreglement, og bruke handlingsrommet innafor skjønsmessig vurdering. Programstyret tek til etterretting at kommunikasjonen rundt gjeldane reglement kan ha vore uklår i byrjinga av semesteret og ynskjer ikkje at dette skal føre til urettmessige konsekvensar for studentar.*

Emne som går våren 2022:

MUTP102	Musikkterapeutisk bruksmusikk	<i>held fram frå h21</i>
MUTP103	Musikkterapiteori	
MUTP104	Musikkering (Musicking)	
MUTP105	Samspel i musikkterapigrupper	
MUTP202	Samfunnsmusikkterapi	
MUTP205	Innføring i musikkterapeutisk praksis	
MUTP206	Musikkterapeutisk teoriutvikling	
MUTP207	Kreativ stemmebruk i musikkterapi	
MUTP302	Musikkterapeutisk improvisasjon	<i>held fram frå h21</i>
MUTP303	Musikkterapeutisk profesjonskunnskap	<i>held fram frå h21</i>
MUTP305	Musikkterapi i helsesektoren I	
MUTP306	Musikkterapi i helsesektoren II	<i>held fram frå h21</i>
MUTP312	Musikkterapeutisk forskingsmetode	
MUTP350	Masteroppgåve i musikkterapi	<i>held fram frå h21</i>
MUTP360	Masteroppgåve i musikkterapi	<i>held fram frå h21</i>



UNIVERSITETET I BERGEN

Fakultet for kunst, musikk og design

Saksvedlegg

PROGRAMSTYRET FOR FEMÅRIG INTEGRERT MASTERGRAD I MUSIKKTERAPI

Sak nr.: 2/22

ePhorte saksnummer: 2022/419

Sakstype: Diskusjon

Møte: 1/22 – 13.01.2022

MUTP 2/22 Revidering av yrkesetiske retningslinjer for musikkterapeutar

Bakgrunn

Jmf. eventuelt sak på programstyremøtet 26.11.21 har programstyret motteke ei revidering av Creos sine yrkesetiske retningslinjer for musikkterapeutar til høyring. Programstyret ba om utsett høyringsfrist til over jul, og tek saka opp att no

Til saka

Programstyret skal kome med innspel til høyringsuttaling basert på gjeldande retningslinjer og utkast til dei reviderte retningslinjene:

[Gjeldande retningslinjer – vedtekne 2017](#)

[Utkast til reviderte retningslinjer](#)